

Vedlegg til: Søknad om midlar til Kulturplanen sitt innsatsområde 16

## MUSEUMSLØFT

### TITTEL:

Utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven ved Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

Søknad om midlar til eit forprosjekt

### BAKGRUNN:

#### Om Norsk Trikotasjemuseum

Norsk Trikotasjemuseum fortel historia til den norske tekstilindustrien gjennom industriminnet Salhus Tricotagefabrik (1859-1989), eitt av dei femten nasjonale teknisk-industrielle kulturminna som er prioriterte av Riksantikvaren. Vi formidlar, dokumenterer og forskar på norsk trikotasje- og tekstilindustri, og tek vare på ein omfattande bygningsmasse knytt til livet i industribygda Salhus. Tekstilindustrien si historie og framvekst nasjonalt har tette band til Salhus og til Hordalandsregionen.

I fleire år har Norsk Trikotasjemuseum bygd opp ein solid fagleg kompetanse innan dokumentasjon og formidling av industriarva, då særleg innan tekstilindustrien, men òg meir overordna innan industrifeltet. Vi har delteke på og arrangert ulike kurs og seminar innan industriarfeltet, vore med på å starte opp Regionalt nettverk for industriminne og er svært aktive i det nasjonale Nettverk for arbeidarkultur og industrihistorie. Museet har mellom anna motteke midlar frå Kulturrådet til to nasjonale prosjekt som har gått over fleire år: til å lage ein nasjonal innsamlings- og dokumentasjonsplan for norsk tekstilindustri og til samlingsprosjektet Forvalting av teknisk-industrielle kulturminne. I arbeidet med dette ser vi at det er mykje ugjort både med å dokumentere industriarven og å formidle denne, men òg med å samle kunnskapen og koordinere informasjonen som finst innan industriarfeltet. Ingen konsoliderte museum i dag i Hordaland har eit overordna tematisk ansvar for industriarven i fylket.

#### Industriarven

I *Premiss: Kultur, Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025* er det trekt fram utvalde kulturminnekategoriar og industriarven er ein av desse. Tiltak A i handlingsplanen peiker på at ein skal prioritere å «utarbeide regionale bevarings- og formidlingsprogram for dei felta som er løfta fram i planen», som då mellom anna er industriarven. Norsk Trikotasjemuseum vil med denne søknaden søkje om midlar til å ta fatt på dette, og starte eit forprosjekt som skal utvikle seg til å verte eit fast ansvarsområde slik at industriarfeltet i Hordaland kan få eit bevaring- og formidlingsprogram.

Hordaland har spelt ei viktig rolle i norsk industrihistorie. I dag finst det materielle spor etter så vel eldre som nyare industrihistorie, både i form av gjenstandar, maskiner, anlegg,

bygningar og heilskaplege industrielle kulturmiljø. Når industriminna og industriarven er blant dei kulturminnekategoriane som vert løfta fram i den regionale kulturplanen, er ei av utfordringane korleis ein skal handtere omfanget og kompleksiteten til denne typen kulturminne. Ein avgjerande reiskap for å handtere dette kan vere dokumentasjonsmetodar som svarer til industriminna sin eigenart, og her kan musea spele ei viktig rolle. I forvaltninga av industriminna vil solid industriminnedokumentasjon vere med på å gi eit viktig kunnskapsgrunnlag, og som Regional kulturplan peikar på er det eit mål å styrke dokumentasjonen for å auke kunnskapen om kulturminna og samanhengane dei er ein del av. Oppdatert og dekkande dokumentasjon av industriminna i Hordaland vil òg kunne inngå i utviklinga av regionale bevaringsprogram og formidlingsprogram for industriarven.

### Kraftsentrum for industriarven

Per i dag er dokumentasjonen av industriminna i Hordaland uoversiktleg, mangelfull og metodisk sett ganske ueinsarta. Musea i fylket kan og bør spele ei meir sentral rolle i å sette i gang, koordinere, kvalitetssikre, lagre og formidle industriminnedokumentasjon. I dag er det heller ingen konsoliderte museum i Hordaland som har eit overordna ansvar for at industriarven i fylket vert dokumentert. Eit fagleg kraftsentrum for å styrke arbeidet med industriminnedokumentasjon og langsigktige bevarings- og formidlingsplanar for industriarven i Hordaland kan ein utvikle ved å etablere ein konservator/koordinatorstilling knytt til Norsk Trikotasjemuseum, som ved sidan av Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum i Tyssedal er det einaste museet i fylket som aktivt arbeider med industriminnedokumentasjon.

### Tematisk ansvarsmuseum

Ein koordinator/konservator knytt til Norsk Trikotasjemuseum skal ha ansvar for å drive fram industriminnedokumentasjon innanfor alle historisk viktige industribransjar og industristadar i Hordaland, og bli eit tematisk ansvarsmuseum for industri. Gjennom denne stillinga skal Norsk Trikotasjemuseum samarbeide med andre museum og arkiv, kulturminnevernmyndighetene i kommunane og i fylket, Riksantikvaren, med universitet og høgskolar, og interesserte frivillige. Dette vil kunne gi fornja merksemd rundt industriminna i fylket og kople saman nasjonale og regionale mål for det industrielle kulturminnevernet.

Sentrale oppgåver vil vere:

- Initiere og koordinere musea i Hordaland sin dokumentasjon av industriminne.
- Utvikle eit regionalt bevaringsprogram for industriminne.
- Dokumentere viktige industrielle kulturmiljø og industristader i Hordaland (som Dale, Ytre Ålvik, Samnanger, Odda etc.).
- Samle og systematisere eksisterande dokumentasjon av industriminne.
- Utvikle ny kunnskap om industriminna gjennom å samarbeide med forskingsmiljø.
- Gjere oppdatert dokumentasjon og nyare forsking på industriminna tilgjengeleg.
- Arrangere kurs og seminar om industriminnedokumentasjon og industriminnevern.

## I fyrste omgang: eit forprosjekt

Ved å styrke museet med ei fagstilling kan vi bidra til at Hordaland si industriarv vert dokumentert og løfta fram. For å finne forma på stillinga og korleis ein på ein best mogleg fagleg måte kan bygge opp museet til eit tematisk ansvarsmuseum innan industriarven, vil vi starte opp med eit forprosjekt på eitt år. I forprosjektet skal vi:

- Utføre eit dokumentasjonsprosjekt for å starte arbeidet med å utvikle ein metode for industridokumentasjon.
- Få oversikt over industriminne og industrielle kulturmiljø i fylket.
- Starte kompetansehevinga innan feltet.
- Legge grunnlaget for eit tematisk ansvarsmuseum.

Norsk Trikotasjemuseum ønskjer å ta ei koordinatorrolle for å løfte fram, forske på og formidle industrihistorie, og styrke og sette fokus på industrielle kulturminne. Vi meiner at det er viktig å styrke kompetansen innan moderne kulturminne og då særleg dei industrielle kulturminna. Ved å styrke museet med midlar kan vi bidra til å oppfylle måla i den Regionale kulturplanen innan industriarfeltet.



**Norsk Trikotasjemuseum**  
MUSEUMSSENTERET i Hordaland